



**DET KONGELEGE  
SAMFERDSELSDEPARTEMENT**

Statsråden

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Dykker ref	Vår ref	Dato
2018/13472-5	19/65-	3. april 2019

### **Midlertidige tiltak i påvente av ny E39 mellom Vågsbotn og Klauvaneset - Svar**

Eg viser til brev av 7. mars 2019 om fråsegn vedteke i Hordaland fylkesting 5. mars 2019 som gjeld trond for midlertidige tiltak i påvente av ny E39 mellom Vågsbotn og Klauvaneset. Fylkestinget presiserer at det hastar å realisere dette prosjektet så hurtig som mulig, og dei krev at det blir etablert ITS/andre aktuelle tiltak for å betra framkoma på denne tett trafikkerte vegen. Fylkestinget strekar under at dette er midlertidige tiltak i påvente av ny E39 som må realiseraast så raskt som mogleg.

Statens vegvesen opplyser at hovudproblema med därleg trafikkavvikling på denne strekninga ligg mellom Brurås og Steinestøkrysset. Strekninga har tofelts veg med fem større kryss og ei rekke avkjøringar til enkelthus og mindre bustadfelt. Det er også næringsaktivitet langs E39 på denne strekninga. I rushet er det vesentlege forseinkingar. I tillegg til avviklingsproblema har strekninga därleg trafikktryggleik.

Statens vegvesen har gjennomført fleire ITS-tiltak i tilknyting til kryssa og gangfelta på strekninga, både for å betre trafikkflyten og trafikktryggleiken. Mellom anna er det etablert fem trafikkstyrte signallysanlegg. Sidan kapasitetsgrensa er sprengt, har tiltak for å betre forholda for kollektivtrafikken vore prioriterte, for på den måten å stimulere til meir kollektivtransport. Det pågår eit arbeid med å analysere forholda og sjå på mogelege tiltak for å betre trafikkavviklinga ytterlegare.

Med den store trafikkmengda som E39 har på denne strekninga, saman med mykje trafikk i kryssa knytt til næringsareal og bustader, meiner Statens vegvesen at det er lite sannsynleg at trafikkavviklinga kan betrast vesentleg utan større fysiske ombyggingar. Det pågår derfor

arbeid med kommunedelplan for ny E39 på strekninga Vågsbotn – Klauvaneset med sikte på lokalpolitiske vedtak i løpet av 2020.

Fylkestinget viser til midlar i Nasjonal transportplan 2018-2029 som er sett av for å følgje opp satsinga på ITS. Dette er mellom anna planlagt nytta til nokre pilotar for å teste ut ny teknologi og utvikle nye ITS-løysingar. Målet er å få meir kunnskap og erfaring med løysingar som per i dag berre er på utprøvingsstadiet, slik at løysingane seinare kan takast i bruk i større målestokk.

Eg viser for øvrig til at Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune deltek i den politiske kontaktgruppa som er oppretta i arbeidet med ny Nasjonal transportplan 2022-2033. I første omgang er fylkeskommunen og kommunen invitert til å kome med innspel om dei viktigaste utfordringane på transportområdet. Eg ønskjer å leggje til rette for ein god dialog om ny Nasjonal transportplan gjennom kontaktgruppa framover.

Med helsing



Jon Georg Dale